



Rettskrivingsnemnda til Språkrådet

Høyringsfråsegn til framlegget til ny rettskriving

Norsk Målungdom er den einaste ungdomsorganisasjonen i Noreg som arbeider for å styrkja nynorsken og for å gjera kvardagen enklare for ungdom som skriv nynorsk. På landsmøtet i 2008 vedtok organisasjonen at me ynskjer at nynorsken skal verta normert på sjølvstendig grunnlag, at revisjonen skal ta utgangspunkt i læreboknormalen og at det noverande skiljet mellom hovud- og klammeformer skal takast bort. Me ynskjer oss dessutan ein stramare rettskriving som vil gjera det enklare for skuleelevar å læra seg nynorsk. Då Språkrådet sette ned rettskrivingsnemnda, var dessutan målet at dei skulle koma fram til ein «enkel, tydeleg og stram norm for nynorsk, utan sideformer». Med bakgrunn i dette meiner me ikkje at framlegget som førelåg 1. februar 2011 er godt nok.

Vår viktigaste innvending mot den nye rettskrivinga er at han ikkje gjer nynorsk vesentleg enklare å læra. Me er glade for at systemet med hovud- og jamstelte former no forsvinn ut, og det gjer norma enklare. Likevel er valfridomen i framlegget so stor at det ikkje inneber ein vesentleg skilnad for elevane. Me meiner nemnda har vurdert feil når dei fjernar lite brukte former, men vel å halda på valfridomen i frekvente ord. Det er nettopp dei frekvente orda som folk bruker, som skapar problem med valfridomen. At nemnda samstundes vel å fjerna nokre signalord er greitt, men på langt nær nok, dersom norma i røynda skal verta enklare for elevane.

Valfridom på kategorinivå er mindre problematisk enn valfridom på ordnivå. Me er glade for at nemnda har teke til orde for å ta inn former med både -ø og -y. Samstundes meiner me det er rart at kløyvd infinitiv, supinum på -i og i-mål vert fjerna, når desse reglane sjeldan er relevante for språket til elevane som lærar nynorsk. At nemnda vel å utvida valfridomen i somme tilfelle og innføra valfri *j* i verb som *leggje/legge* og *søkje/søke* og svake hokjønnsord som *bryggje/brygge* og *enkje/enke* meiner me likevel ikkje tener norma. På same grunnlag stør me heller ikkje framlegget om at *Dykk* som subjektsform vert jamstilt med *de*.

Nemnda har vald å halda fram med å la samsvarbøying vera valfritt for svake perfektum partisipp, men gjort det obligatorisk for sterke perfektum partisipp. Å grunnkje dette frå eit pedagogisk perspektiv er lite teneleg, når elevane uansett må læra samsvarbøying, men i tillegg må halda styr på ulike bøying for sterke og svake partisipp.

Eit mål for normeringa har vore at dei som skriv ein sokalla «midtlinenynorsk» skal kunne halda fram med det etter normeringa. Norsk Målungdom meiner dette er eit klokt val, men ser likevel at rettskrivinga i somme tilfelle nærmar seg bokmålet meir enn den tradisjonelle nynorsken. Som konsekvens av tilnærmingspolitikken vart nynorsk og bokmål likare på 1900-talet. Rettskrivingsendringa i 2005 for bokmål reverserte ein del av desse endringane. Nynorsk er i ein annan situasjon enn bokmål. Som mindretalsspråk vert nynorsk i større grad prega av bokmål enn kva bokmål vert av nynorsk. Norsk Målungdom meiner difor det er klokt å ta eit medvite val for at nynorsken skal skilja seg frå bokmål, og skulle difor ynskje at

nemnda i mindre grad hadde teke omsyn til kva ord som var i bruk i forvaltinga og i større grad sett på korleis nynorsken kunne verta enklare å læra for elevane.

Dersom nynorsk skal overleva, treng me eit levande språk, ikkje eit språk som vert normert for å verta enklast mogleg. Normering kan aldri løysa problemet for nynorsken i dag, men ho kan øydeleggja mykje, både for dei som ikkje lenger vil kjenna nynorsken som sin, men ikkje minst av di arbeidet med rettskriving tek krefter frå det verkelege målarbeidet. Me vonar difor at rettskrivinga, uansett resultat, vert stabil over tid. Målstriden kan aldri vinnast gjennom kampen for ei rettskriving!

Fråsegn vedteke på landsstyremøtet i Norsk Målungdom 13. februar 2011.